



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Troms og Finnmark fylkeskommune
Postboks 701
9815 VADSØ

Deres ref

Vår ref

Dato

21/50-17

22. desember 2021

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2022 – tilskot til Troms og Finnmark fylkeskommune

Tilsegn nr. 510 018

Innleiing

Vi syner til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), jf. Innst. 16 S (2021–2022) og Innst. 13 S (2021–2022). Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Kommunal- og distriktsdepartementet frå 01.01.2022), heretter departementet, følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2022, datert høvesvis 16. desember og 20. desember 2021, gjennom dette oppdragsbrevet.

Brevet omfattar oppdrag på desse politikkområda:

Programkategori	Løyving
13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	195 623 000
13.67 Nasjonale minoriteter	11 118 000
08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering*	100 000
13.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk**	
Totalt	206 841 000

* For denne programkategorien syner vi til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2021–2022) for Kulturdepartementet og Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), jf. Innst. 15 S (2021–2022) vedtatt 21. desember 2021.

** Fordeling av tilskot og retningsliner for tilskotet vert sendt fylkeskommunane i eige brev over nyåret.

Departementet vil utbetale midlane for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og august. For programkategori 13.67 vert midlane utbetalte første kvartal i 2022. For programkategori 08.45 vert midlane utbetalte første kvartal i 2022.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Bjørn Kari Paulsen
22 24 70 42

Innhold

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2022 – tilskot til Troms og Finnmark fylkeskommune	1
1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	3
1.1. Regional- og distriktpolitiske mål	3
1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål	4
1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane	4
Mål 1: Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	4
Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	7
1.4. Anna relevant innsats	8
1.5. Rapportering, evalueringar og kontroll	9
2. Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar	11
2.1. Mål 1: Nasjonale minoritetar deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle sine språk og sin kultur	11
2.2. Mål for innsatsen frå fylkeskommunane	11
2.3. Forskrift	11
2.4. Føringar for forvaltinga av ordninga	11
2.5. Utbetaling og rapportering	11
3. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering	13
3.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging	13
4. Programkategori 13.40: Forvaltingsutvikling, IT- og ekompolitikk	15
4.1 Breibandutbygging	15
5. Fristar i 2022 og 2023	16
6. Avslutning	17
7. Vedlegg	17

1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1.1. Regional- og distriktpolitiske mål

Målet for regional- og distriktpolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har balansert befolkningssamansetjing, og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping, no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Midlane over programkategori 13.50 *Distrikts- og regionalpolitikk* er øyremerkte økonomiske verkemiddel for å medverke til å realisere dei nasjonale regional- og distriktpolitiske måla.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1. Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar

Fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utforme regionale strategiar for utvikling, og å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke. Dette inneber òg at fylkeskommunane skal mobilisere og samordne ulike aktørar lokalt og regionalt som er viktige for regional utvikling i fylket, slik at den samla innsatsen medverkar til at utviklinga i fylket går i den retninga ein ønskjer. Fylkeskommunane bør og kan bidra til innovasjon og digitalisering, i dialog med Innovasjon Noreg, KS, Doga, Distriktssenteret, andre verkemiddelaktørar, Statsforvaltaren og distriktskommunane.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for å fylla denne rolla med innhald. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging skal ligge til grunn for arbeidet.

Samarbeid med dei næringsretta verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med Siva, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå. Det strategiske samarbeidet med verkemiddelaktørane i fylket bør sjåast i samanheng med det styrkte oppdragsgjevaransvaret overfor Innovasjon Noreg og Siva.

Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å ha ein dialog med Distriktssenteret om utfordringar og moglege løysingar for å fremje lokal samfunnsutvikling i distriktskommunar.

Distriktssenteret skal mellom anna vidareutvikle rettleiingsmateriell som fylkeskommunane kan bruke for å støtte opp om samfunnsutviklingsarbeidet i distriktskommunar. Departementet støttar opp om dei samarbeidsavtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og Distriktssenteret.

1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål

Samla løyving til fylkeskommunane over programkategori 13.50 er på om lag 926 mill. kroner for 2022. Vedlegg 2 syner fordelinga av løyvinga for kvar einiskild fylkeskommune. Løyvinga til Troms og Finnmark fylkeskommune ligg i tabell 2 under.

Tabell 2 Mål, kap./post og løyving (i mill. kroner) for 2022 til Troms og Finnmark fylkeskommune

Mål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	553.61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	111,557
	553.65	Omstilling	11,000
	553.69	Mobilisering til forskingsbasert innovasjon*	8,000
2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	553.63	Interreg**	15,589
		Sekretariat for Regionalt nordområdeforum	2,587
		Arktis 2030	46,890
Sum			195,623

*Løyvinga omfattar 3,0 mill. kroner til Mabit

**Løyvinga omfattar dei programma fylkeskommunen har sekretariatsansvar for (sjå vedlegg 3)

Departementet tildeler midlane over programkategori 13.50 til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak X i Innst. 16 S (2021–2022). Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga er gjort. Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike budsjettpostane i oppdraget.

1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane

Mål 1: Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Vedlegg 1 gir ei oversikt over dei aktuelle mobiliserande og kvalifiserande næringspolitiske verkemidla fylkeskommunane kan nytte seg av.

Midlane er fordelte til fylkeskommunane etter ein berekningsmodell som inneheld ein distriktsdel og ein regionaldel. Distriktsindeksen vart revidert i 2020 og vert nytta i fordelinga. Fordelingsverknadene av ny distriktsindeks vert fasa inn over to år. Sjå vedlegg 2 for den fylkesvise fordelinga av posten.

Det er i tillegg til midla til fylkeskommunane sette av 100 millionar kroner til ei sentral ramme retta mot større grøne og berekraftige investeringsprosjekt. Midla skal forvaltast av Innovasjon Norge og nyttast på *verkemiddelet investeringstilskot for store grøne investeringar*. Dette verkemiddelet tildelast direkte til Innovasjon Noreg.

Oppdragsgjevaransvaret

Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke, ut frå regionale behov og prioriteringar. Departementet har laga retningslinjer for posten i samråd med fylkeskommunane, Siva, Innovasjon Noreg og Nærings- og fiskeridepartementet. Aktørane sine oppgåver og ansvarsområde er omtalt, sjå vedlegg 7. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar. Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Dette omfattar dialog om resultat, måloppnåing og effektivitet innan den einsskilde ordninga, revisjon av ordningar, utvikling av satsingsforslag og innspel til statsbudsjettet. Fristane for når fylkeskommunane skal ha sendt innspel til budsjett og nye satsingar til departementet, ligg i pkt. 5 Fristar i 2022 og 2023 og vedlegg 7.

Målet

Målet med midlane er å mobilisere verksemder til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i regionane. Vidare skal dei bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje vert ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. Kriteria for måloppnåing er utvikling i verdiskaping, omsetning, sysselsetjing og nyskaping for verksemdene som deltek i programma, samt andel av midlane som når fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar. Kriteria varierer mellom dei ulike ordningane.

Forvaltninga av midlane

Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for forvaltninga Innovasjon Noreg gjer av midlane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnader for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt reknar ut vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag, basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må den einsskilde fylkeskommune avtale med Innovasjon Noreg.

Departementet vil overføre dei samla administrasjons- og gjennomføringskostnadene direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. I 2022 utgjer dette 16,3 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva.

Kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil 100 000 kroner over posten for å dekkje kostnadene fylkeskommunen har ved å forme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Noreg og Siva.

Fylkeskommunane skal sørge for at det ligg føre tilfredsstillande rutinar for oppdragsbrev, utbetaling av tilskot, styringsmøte, prosedyrar og krav til rapportering og eventuelle andre

forpliktingar overfor Innovasjon Noreg og Siva. Departementet tilrår at fylkeskommunane som eit kollegium følgjer opp samla resultat, måloppnåing og effektivitet i det einstilte verkemiddelet, revisjon av verkemidla, utvikling av satsingsforslag og innspel til budsjett.

Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar malar for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg og Siva (sjå vedlegg 5 og 6). Landbruks- og matdepartementet tilrår at fylkeskommunane i sitt oppdragsbrev til Innovasjon Noreg¹, inkluderer Innovasjon Noregs oppdrag på landbruksområdet.

Fylkeskommunane skal betale ut midlane i oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva i to delar, og der første utbetaling skjer innan 1. februar og den neste i august. Det er særleg viktig at fylkeskommunane følgjer fristane for utbetaling. Fylkeskommunane må òg melde frå til departementet dersom det skjer byte av kontonummer løyvinga skal overførast til.

Departementet forventar at fylkeskommunane i 2022 har eit godt samarbeid med Siva om utvikling av nye programforslag for næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet. Departementet ber om å bli holdt jamnleg orientert om arbeidet med nye programforslag, og at fylkeskommunane sender forslaga til departementet innan 8. april. Revisjonen av programma skal skje i dialog mellom fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, jf. retningslinjer for post 61. Departementet skal godkjenne programplanar for nye ordningar.

Kap. 553, post 65 Omstilling

Løyvinga skal nyttast til å styrkje næringsgrunnlaget og medverke til at det blir etablert nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever at sysselsetjinga vert vesentleg redusert. Midlane skal i hovudsak brukast til å styrkje evna til næringsutvikling, det vil seie lokal teneste for næringslivet og å stimulere næringslivet si evne til å tenkje nytt og til å vekse. Dei kan òg brukast på prosessar som gir investeringar og stadsutvikling som generelt gir eit meir attraktivt samfunn for innbyggjarar og verksemder. Kriteria for måloppnåing er talet på arbeidsplassar som vert etablerte eller sikra, ein meir variert næringsstruktur og styrkja utviklingsevne.

Fylkeskommunen har ansvaret for omstillingsarbeidet i eige fylke. I omstillingsarbeidet er det viktig at fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane samarbeider aktivt. Av løyvinga går 11,4 mill. kroner til Innovasjon Noreg, som er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane hjelpe omstillingsprosjekt i heile landet med råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring.

Løyvinga er fordelt på grunnlag av innspel frå fylkeskommunane om kommunar eller regionar med vesentleg reduksjon i talet på sysselsette som følgje av nedskalering, konkurs eller flytting av hjørnesteinsverksemder (sjå vedlegg 2). Fylkeskommunane fordeler midlane til omstillingskommunar.

¹ knytt til kap. 553, post 61, jf. vedlegg 5.

Forvaltninga av posten er regulert i [Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler](#), sjå vedlegg 8.

Kap. 553, post 69 Mobilisering til forskningsbasert innovasjon

Som ein del av regionreforma og for å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar får fylkeskommunane frå 2022 ansvaret for mobiliseringsdelen av FORREGION, samt FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Norge (Mabit).

FORREGION

FORREGION skal få fleire bedrifter til å bruke forskning i sitt innovasjonsarbeid, og skal mobilisere næringslivet til å nytte andre verkemidlar for forskning, som Regionale forskingsfond, Norges forskningsråds nasjonale program eller internasjonale ordningar.

Midlane er fordelt til fylkeskommunane som forvaltar ordninga. Sjå vedlegg 2 for ei fylkesvis fordeling av midlane og skildring av fordelingsmodellen. Departementet lagar forskrift for forvaltninga av ordninga og har sendt utkast til forskrift på høyring med frist 19. januar 2022. Departementet vil ettersende forskrifta til fylkeskommunane så snart den er fastsett.

Mabit

Mabit-programmet har eit landsdelsperspektiv og skal bidra til auka verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæringa og i bioteknologisk industri, samt styrkje FoU- og industrielle aktivitetar i desse næringane i Nord-Noreg. Departementet syner til prosessar som er i gong, knytt til overføringa av oppdragsgjeveransvaret til Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar og avklaringar av sentrale premisser for aktivitetar dei neste åra.

Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Kap. 553, post 63 Interreg og Arktis 2030

Interreg

2021 var det første året i ein ny Interreg-programperiode, som varer ut 2027. Løyvinga skal dekkje fylkeskommunane si deltaking i Interreg-programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg, Aurora og Kolarctic. Midlane vert overførte til den fylkeskommunen som er sekretariat for det einskilde programmet. Ei oversikt over fordeling mellom programma og sekretariatsfylke kan de finne i vedlegg 3.

Det overordna målet med Interreg er ei balansert utvikling av EU sitt territorium gjennom samarbeid mellom land i Europa. Programma skal konsentrere seg om eit utval av desse måla: eit smartare Europa, eit grønarare Europa, eit meir samanknytt Europa, eit meir sosialt Europa og eit Europa nærare borgarane. Programdokument for kvart einskild program regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten. Programdokumenta for perioden 2021–2027 er godkjende av norske styresmakter, og vil bli godkjende i samarbeidslanda og Europakommisjonen i 2021 og 2022.

Arktis 2030

Som ein del av regionreforma fekk dei nordlegaste fylkeskommunane styrka ansvar for å gje strategisk retning, mobilisere og koordinere innsats og verkemiddelbruk i Nord-Noreg. Det er i 2022 løyvd 46,9 mill. kroner til den regionale delen av Arktis 2030. Inntil 5 prosent av løyvinga kan nyttast til å forvalte ordninga.

Målet med Arktis 2030 er å ta hand om norske interesser i nord og Noregs rolle som ein ansvarleg og sentral polarnasjon. Tilskotsmidlane skal medverke til ein heilskapleg nordområdepolitikk i tråd med nordområdestrategien til regjeringa. Den regionale innsatsen skal omfatte Nordland og Troms og Finnmark fylke, og medverke til ei berekraftig samfunnsutvikling i nordområda.

Midlane skal gå til fire innsatsområde: 1) kunnskap, 2) infrastruktur, 3) miljøvern, tryggleik, beredskap og klimaendringar og 4) næringsliv.

Troms og Finnmark fylkeskommune kan finansiere tiltak og program i eigen regi, og kan delegere forvaltninga av midlar under kap. 553, post 63, til Nordland fylkeskommune. Direkte tilskot til verksemdene skal forvaltast av Innovasjon Noreg gjennom oppdragsbrev frå fylkeskommunane. For Innovasjon Noreg må oppdraget inkludere administrasjons- og gjennomføringskostnader, jf. basiskostnadsmodellen for Innovasjon Noreg.

Forvaltninga av posten er regulert i [Forskrift om kommunal og moderniseringsdepartementets tilskotsmidlar til Arktis 2030](#), sjå vedlegg 10.

Sekretariatet for Regionalt nordområdeforum

Det er sett av 2,6 mill. kroner til sekretariatet for Regionalt nordområdeforum. Dette inkluderer midlar til ein regional ungdomskoordinator. Sekretariatet er lagt til Troms og Finnmark fylkeskommune i Vadsø. Sekretariatet skal mellom anna førebu og følgje opp møta i Regionalt nordområdeforum, lage fagnotat på oppdrag frå Regionalt nordområdeforum, og utarbeide forslag til strategiar for arbeidet. Medlemmene i forumet avgjer i fellesskap kva andre oppgåver sekretariatet skal ha.

1.4. Anna relevant innsats

Under dette punktet har departementet lista opp relevant informasjon til fylkeskommunane om program, strategiar og arbeid som er viktige for måloppnåinga i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

Kompetansepilotar (kap. 553, post 62)

Kompetansepilotar skal medverke til å identifisere og mobilisere behovet til verksemdar for kompetanseutviklande tiltak, og kople og leggje til rette for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Distrikts-Noreg. Pilotane skal utvikle og teste ut ulike modellar for å få dette til. Pilotperioden for kompetansepilotane er 2020–2022.

Ordninga skal støtte den strategiske rolla og ansvaret for regional kompetansepolitikk som fylkeskommunane har, og forankrast i regionale planar og partnerskap. Alle fylkeskommunane, med unntak av Oslo kommune, deltek i piloten. Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse forvaltar ordninga, og løyver midlar til den ein skilde fylkeskommune i 2022 i tråd med vedteken prosjektplan og tilsegn frå 2020. I tillegg løyver dei midlar til Trøndelag fylkeskommune som leiar eit felles prosjekt mellom fylkeskommunane der målet er å utvikle indikatorar og kunnskap i regional kompetansepolitikk. Alle fylkeskommunane deltek i ein læringsarena under ordninga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for å evaluere pilotane.

Klyngjer og innovasjon (kap. 553, post 74)

Departementet finansierer òg det nasjonale klyngjeprogrammet Norwegian Innovation Clusters, Innovasjonspartnerskap og Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg, og Kapasitetsløft i Forskringsrådet. I 2022 er det sett av 71,7 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 74.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program (kap. 553, post 76)

Departementet finansierer norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON, URBACT og Interact. Desse programma har det same overordna målet som dei grenseregionale programma. Programgeografi og -prioriteringar varierer mellom programma. I 2022 er det sett av om lag 9,9 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 76.

1.5. Rapportering, evalueringar og kontroll

Rapportering og registrering av rammer og tilsegner

Alle tilskotsordningar skal kunngjerast på regionalforvaltning.no, med unntak for ordningar som Innovasjon Noreg og Siva forvaltar og ordningane på kap 553 post 69. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader. Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruken av regionalforvaltning.no, og sørge for at all informasjon om tilsegner er lagd inn på rett måte jf. vedlegg 4. Registreringane er naudsynte for at departementet skal rapportere inn rett bruk av midlane til Stortinget.

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvaret for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no.

For 2022 ber vi fylkeskommunane om å registrere inn fordelinga mellom Innovasjon Noreg og Siva og mellom verkemidla i regionalforvaltning.no på kap. 553, post 61. Som grunnlag for rapportering til Stortinget i budsjettet for 2023 ber departementet fylkeskommunen sende kopi av alle regionale oppdragsbrev til Siva og Innovasjon Noreg, og kopi av den fylkesvise rapporteringa frå verkemiddelaktørane .

I tillegg ønskjer departementet ei avgrensa rapportering på bruken av midlar frå kap 553, post 61 frå fylkeskommunen innan 20.4.2022 (maks. 2 sider):

- Kva for vurdering ligg til grunn for dei regionale prioriteringane i fylkeskommunen sitt oppdrag til Siva og Innovasjon Noreg knytt til post 61 i 2021? (Dersom dette er utførleg gjort greie for i oppdragsbrev, kan fylkeskommunen vise til dette)
- Korleis vurderer fylkeskommunen resultata i verkemiddelbruken i fylket i 2021, med omsyn til vekst i verdiskaping, omsetnad, sysselsetjing og nyskaping?
- Kor stor del av post 61 har i 2021 vorte nytta innan det distriktpolitiske verkeområdet i fylket? (Dersom dette kjem fram i årsrapporteringa frå Innovasjon Noreg og Siva, eller i den fylkesvise rapporteringa frå verkemiddelapparatet, kan fylkeskommunen vise til dette)

Kommunane har frist til å rapportere til fylkeskommunane 1. februar 2022 på tilskotet som gjeld kommunale næringsfond på kap. 553, post 61 for 2021. Fylkeskommunane må kvalitetssikre rapporteringa frå kommunane før den vert sendt til departementet. I dette ligg at fylkeskommunane går gjennom tilsegna med tanke på prosjektittel og namn på prosjektsøkjjar og primærkategori, for å sjå til at desse kategoriane er korrekt fylt ut i regionalforvaltning.no. Frist for rapportering frå fylkeskommunane til departementet er 1. mars 2022 jf. pkt. 5 Fristar i 2022 og 2023.

Den nasjonale gruppemeldinga for regional transportstøtte gjekk ut 31.12.2020. Dersom fylkeskommunane skal gje regional transportstøtte i 2022, må dei sjølve gruppemelde og rapportere dette til ESA.

Evaluering

Langsiktige effektar av tiltaka vert målte gjennom evalueringar. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for evalueringane med fylkeskommunane.

Departementet ber om at fylkeskommunane løpande melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2022.

Kontroll

Departementet ber om å få melding straks om fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane.

Bruk av attståande midlar frå gamle postar

Midlar som etter 2021 står att under kap. 550, post 62, og 64 og kap. 553, post 60, skal nyttast i høve til dei mål og vilkår som vart stilte då midlane vart løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast i regionalforvaltning.no på same måten som tidlegare, og skal forvaltast i tråd med forskrifta om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskotspostar (sjå vedlegg 8).

2. Programkategori 13.67 Nasjonale minoriteter

2.1. Mål 1: Nasjonale minoriteter deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og videreutvikle sine språk og sin kultur

Kvenane er ein av dei nasjonale minoritetane i Noreg. Det er eit mål at dei nasjonale minoritetane skal delta aktivt i arbeidet med å bevare og utvikle språka sine og kulturen sin. Auka kunnskap om nasjonale minoritetar og kulturuttrykket deira kan motverke diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Tilskotsordninga for kvensk språk og kultur vert forvalta av Troms og Finnmark fylkeskommune.

Ramme til fylkeskommunen

Ramma til Troms og Finnmark fylkeskommune utgjør 11,1 mill. kroner i 2022. Av dette går inntil 294 000 kroner til administrasjon av tilskotsordninga, tilsvarande 0,3 årsverk.

2.2. Mål for innsatsen frå fylkeskommunane

Kap. 567, post 73 Kvensk språk og kultur

Tilskotsordninga skal medverke til å revitalisere kvensk språk og til å fremje kvensk/norskfinsk kultur.

Det vil etter søknad verte gjeve prosjektstøtte til tiltak som medverkar til å styrkje kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, irekna etablering og drift av kvenske språksenter og drift av kvensk avis. Tiltak som rettar seg mot barn og unge, vert prioriterte.

Troms og Finnmark fylkeskommune skal sakshandsame søknader i samsvar med tildelingskriteria fastsette i forskrift.

Kriteria for måloppnåing er tal på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjer føremålet, og tal på deltakarar på dei ulike tiltaka.

2.3. Forskrift

[Forskrift for ordninga](#) vart utarbeidd hausten 2019, og sett i kraft frå 22. november 2019 (sjå vedlegg 9).

2.4. Føringer for forvaltinga av ordninga

Fylkeskommunen skal sørgje for å lyse ut, handsame søknader og betale ut drifts- og prosjekttilskot. Fylkeskommunen har også ansvar for oppfølging og kontroll. Tilskota skal forvaltast i tråd med *Føresegnene om økonomistyring i staten*, kap. 6.2 og 6.3. I 2022 skal fylkeskommunen, i tillegg til midlar som vert gjevne etter utlysing, vurdere og utbetale driftstilskot til eksisterande og nyetablerte språksenter. Løyvinga må nyttast i løpet av budsjettåret 2022.

2.5. Utbetaling og rapportering

Fylkeskommunen utbetaler tilskot til tilskotsmottakarane og følgjer opp rapporteringa om bruken av tilskotsmidlane etter krav og vilkår som er sette i forskrift og tilskotsbrev.

Fylkeskommunen rapporterer om bruken av løyvinga i årsrapporteringa. Rapporteringa skal innehalde ei oversikt over tilskotsmottakarar, kva beløp dei har motteke, og ei fagleg vurdering av måloppnåing for ordninga. Fylkeskommunen skal og gi ei statusrapportering per

31. august 2022. Departementet kan krevje at ei eventuell unyttta løyving ved årsslutt 2022 vert ført tilbake til departementet.

3. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering

3.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging

3.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging

Målet med løyvinga på programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering, kap. 352 Nedsett funksjonsevne, post 71 Universell utforming og auka tilgjenge er mellom anna å fremje universell utforming på dei områda der utfordringane er størst.

Universell utforming – verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget for universell utforming er at alle skal ha like høve for personleg utvikling, deltaking i samfunnet og livsutfalding. Eit samfunn der alle kan delta er òg eit grunnleggjande prinsipp i berekraftmåla. Samfunns- og arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.

Kulturdepartementet (KUD) koordinerer arbeidet med universell utforming.

Sektordepartementa har ansvaret for politikk og tiltak for universell utforming på eigne sektorområde. Handlingsplan for universell utforming for perioden 2021-2025 følgjer opp arbeidet med universell utforming på andre viktige samfunnsområde. Tiltaka i sektorane som er samla i denne handlingsplanen skal svare på utfordringane med manglande universell utforming. KUD koordinerer arbeidet med handlingsplanane.

Behov for kompetanseheving i universell utforming i planlegging

Evalueringar av tidlegare handlingsplanar har vist at det framleis trengs å styrke universell utforming i samfunns- og arealplanlegginga. Over programkategori 08.45 har KUD mellom anna tilskot med føremål om å utvikle og styrkje gjennomføringa av universell utforming som samfunnskvalitet. Eit av kriteria er kompetanseheving og effektiv spreiding av informasjon om universell utforming.

Statsforvaltaren fekk i tidlegare handlingsplanar tilskot over denne posten. Tilskotet vart brukt til kompetanseheving i universell utforming i planlegging i eigen etat slik at statsforvaltaren vart i stand til å kunne syta for at kommunen tek vare på universell utforming i si planlegging, i tråd med plan- og bygningslova § 1-1 femte ledd. Vidare vart tilskotet brukt til rettleiing av kommunane om universell utforming i planlegging. Rettleiinga vart gjennomført i samarbeid med kommunane.

Departementet si vurdering er at det vil vere føremålstenleg at fylkeskommunane frå 2022 er mottakar av tilskotet, som skal nyttast til kompetanseheving og rettleiing om universell utforming i kommunal og regional planlegging. Dette er i tråd med den regionale samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Det er vidare i tråd med at fylkeskommunane som regional planstyresmakt etter § 3-1 i plan- og bygningslova har eit lovpålagd ansvar for å rettleie kommunane i planlegging. Dei har òg eit særskilt ansvar når det gjeld korleis kommunane legg inn universell utforming i planlegging (jf. pbl § 1-1 femte ledd). Vidare er dette i tråd med [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019–2023](#).

Endringa er avklara med statsforvaltarane, og fylkeskommunane vart orienterte i eit brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 24. august 2021.

I 2022 er det sett av 100 000 kroner i tilskot til kvar fylkeskommune som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter søknad. Vi ber difor fylkeskommunane førebu ein søknad i tråd med forklaringa under.

Målet for tilskotet

Målet for tilskotet er auka innsikt, kunnskap og kompetanse om korleis planleggje for eit universelt samfunn. Målgruppa er dei som skal gjennomføre samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova i fylkeskommunane og i kommunane.

Kva kan midlane nyttast til

Tilskotet skal primært nyttast til opplæring av tilsette i fylkeskommunen som utarbeidar regionale planar, tilsette i fylkeskommunen som rettleiar kommunane i planlegging og til opplæring av tilsette i kommunen som utarbeider kommunale planar.

Tilskotet kan óg nyttast til kompetansehevande tiltak om universell utforming for tilsette i fylkeskommunane som skal delta i den regionale planlegginga (mellom anna innan samferdsel, folkehelse, videregående opplæring, kulturarv, klima og miljø osv. Tilskotet kan vidare óg nyttast til opplæring av andre i kommunen som skal delta i den kommunale planlegginga (mellom anna politikarar, tilsette frå skulen, helseteneste, idrett, kultur, parkvesen mfl.).

Minst 50 prosent av midlane skal nyttast til opplæring av kommunale planleggjarar.

Midlane vert utbetalte utan krav til tilbakebetaling.

Rapportering

Fylkeskommunane skal rapportere til Kommunal- og moderniseringsdepartementet på følgjande: tal på og type kurs, tal på kommunar ved kurs for kommunar, tal på deltakarar frå høvesvis fylkeskommunar og kommunar, nytta beløp og eventuelt attståande beløp og planar for attståande beløp per oppgitt tidspunkt for rapportering.

Sjå pkt. 5 for datoar for rapportering.

4. Programkategori 13.40: Forvaltingsutvikling, IT- og ekompolitikk

4.1 Breibandutbygging

Regjeringa har som mål å sikre eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet (mål 3 for programkategori 13.40). Tilskotet skal medverke til utbygging av breiband i geografiske område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. Føremålet med ordninga er å medverke til at alle husstandar og private og offentlege verksemdar får eit tilbod om breiband med god kvalitet. Hovudkriteriet for måloppnåinga er auke i tilgangen på breiband som blir realisert som følgje av ordninga.

Løyvinga til tilskotsordninga på kap. 541, post 60 er på 304,6 mill. kroner i 2022.

Fylkeskommunane skal ha forvaltingsansvaret for midlane. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil føre vidare ei aktiv, fagleg rettleiingsrolle for bruken av midlane, mellom anna når det gjeld spørsmål om statsstøtteregulverket og om tredjepartstilgang. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har sendt departementet forslag til fordeling av den økonomiske ramma per fylkeskommune og retningsliner for breibandtilskotet for 2022. Forslaget er til vurdering i departementet. Vi tar sikte på at fordeling av ramma og retningsliner for tilskotsordninga vert sendt fylkeskommunane i eige brev over nyåret.

5. Fristar i 2022 og 2023

2022	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2021 og endelege rammer per 31. desember 2021 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2021
1. februar	frist for forskotsutbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
1. februar	frist for kommunane til å rapportere til fylkeskommunane på kommunale næringsfond
1. mars	frist for fylkeskommunane til å rapportere tilbake til departementet på kommunale næringsfond
1. mars	frist for Troms og Finnmark, Nordland og Trøndelag fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeidet i Sør-Varanger, Andøy, Nesna og Lierne
1. mars	frist for å sende oppdragsbrev for 2022 til Innovasjon Noreg og Siva, med kopi til departementet
8.april	frist for å sende nye programforslag for næringshage og inkubasjonsprogram (frå fylkeskommunane samla)
16. april	frist for innspel til budsjett for post 61 for 2023 (frå fylkeskommunane samla)
20. april	frist for innspel om omstillingsbehov i fylket i 2023
20. april	avgrensa rapportering på bruken av midlar frå kap 553, post 61 for 2021
15.mai	frist for rapportering av bruk av tilskotsmiddel til universell utforming i planlegging pr. 30. april
august	frist for andre utbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
15. september	frist for rapportering av bruk av tilskotsmiddel til universell utforming i planlegging pr. 31.august
18. september	frist for Troms og Finnmark fylkeskommune for status på forbruk pr. 31. august 2022, tilskotsordninga for kvensk språk og kultur
27. oktober	frist for innspel til nye satsingar under post 61 for 2024 (frå fylkeskommunane samla), med kopi til Nærings- og fiskeridepartementet
2023	
15. januar	frist for rapportering av bruk av tilskotsmiddel til universell utforming i planlegging pr. 13.desember 2022
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2022 og endelege rammer per 31. desember 2022 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2022

6. Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lukke til med arbeidet i 2022.

Oppdragsbrevet med vedlegg vert lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)

Bjørg Kari Paulsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

7. Vedlegg

Vedlegg 1 Verkemidlane under kap. 553, post 61

Vedlegg 2 Fylkesfordeling

Vedlegg 3 Statlege midlar til Interreg

Vedlegg 4 Krav og veileidar til aktivitetsrapportering

Vedlegg 5 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg

Vedlegg 6 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Siva

Vedlegg 7 Retningsliner kap. 553, post 61

Vedlegg 8 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler

Vedlegg 9 Forskrift om tilskudd til kvensk språk og kvensk og norskfinsk kultur

Vedlegg 10 Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementets tilskuddsmidler til Arktis 2030

Kopi

Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse

Distriktssenteret

Innovasjon Norge

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og fiskeridepartementet

Riksrevisjonen

Sametinget

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

